

STYREPROTOKOLL

Tysdag **4. desember 2018** holdt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

MØTESTAD:	Haugesund rådhus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – 17.40
FRÅ STYRET MØTTE:	Astri Furumo og Siv Bente Stople Østbø
VARAMEDLEM SOM MØTTE:	Randi I. Rettedal
FORFALL:	Simon Næsse
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
INNKALLING:	Godkjent med utsending pr. e-post 26.11.18
SAKSLISTE:	Ingen merknader

Følgjande saker blei handsama:

SAK 19/18 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 18.09.18

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå styremøtet den 18.09.18 blir godkjent.

Styrehandsaming 04.12.18:

Styret hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak 04.12.18:

Protokoll frå styremøtet den 18.09.18 blir godkjent.

SAK 20/18 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 04.12.18

20. Resultatene frå lønsforhandlingane 22.10.18 (*unntatt off. – OFL § 23.1*)
21. FKT – Debattinnlegg om eigenkontroll v/Anne-Karin F. Pettersen, gen. sekretær
22. KS Bedrift har utarbeidet ny veileder – Etikkarbeidet i samfunnsbedrifter
23. Høstkonferansen – Forum for kontrollutvalg i Rogaland 22.11.18 i Sandnes
24. Invitasjon til NKRF si Kontrollutvalgskonferansen 2019
25. Invitasjon til FKT si Sekretariatssamling 2019
26. Møteplan 2019 med alle KU-møtene

Styrehandsaming 04.12.18:

Styreleiar orienterte om lønsforhandlingane 22.10.18. Dagleg leiar orienterte om dei andre sakene. Styret kom med spørsmål og kommentarar.

Styret ønskte at det blei framheva for kommunane kor viktig det er å sette fokus på dette med krav til å utarbeide eigarskapsmelding, å leggje vekt på styremedlemar sin kompetanse ved val av styre til kommunale selskap og å sørge for at det vert gjeve god opplæring. Dagleg leiar viste til at noko av dette allereie er tatt inn i ny kommunelov og KS Bedrift sine tilrådingar.

Samrøystes vedtak 04.12.18:

Styret tar referatsakene 20 – 26 til orientering.

SAK 21/18 – STATUSOVERSIKT PR. DESEMBER 2018

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. desember 2018 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 04.12.18:

Rekneskapsrapport pr. 04.12.18 blei delt ut. Dagleg leiar gjekk i gjennom rapporten, og orienterte om arbeidssituasjon, økonomi og planer. Rekneskapen ser ut til å ende opp med eit overskot. Desemberløn og nokre fakturarar er ikkje ført. Styret var nøgd med stoda og orienteringa.

Samrøystes vedtak 04.12.18:

Statusoversikt pr. desember 2018 blir tatt til orientering.

SAK 22/18 – STRATEGIPLAN 2018-2022

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret sluttar seg til dagleg leiar sitt framlegg om at overordna mål og andre mål for HKS IKS, slik det går fram i representantskapsak 12/16, og vedlagt strategiplan blir vidareført i perioden 2018-2022 (men med følgjande endringar.....).

Overordna strategiplan 2018-2022 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik han ligge føre.

Styrehandsaming 04.12.18:

Dagleg leiar gjekk i gjennom saksframlegg og plan. Styret var samd i at planen hadde vore mangelfull utan strategi under kvart mål. Styret gjekk gjennom utkast til dokument, og dei blei samde om følgjande endringar: *Under mål 5 og strategi sin andre setning om midlar til kurs og konferansar vert tatt ut, då budsjettet styrer aktiviteten. Under mål 6 vert ordet «aktivt» tatt ut, då dette i framtida kunne vere for ambisiøst for eit lite sekretariat. Vidare blei ordet «vidareutvikle» bytta ut med «fortsette» med same grunngeving.*

Elles meinte dei at dokumentet var eit godt dokument, og at det ikkje var naudsynt med ny handsaming i neste møte.

Samrøystes vedtak 04.12.18:

Styret sluttar seg til dagleg leiar sitt framlegg om at overordna mål og andre mål for HKS IKS, slik det går fram i representantskapsak 12/16, og vedlagt strategiplan blir vidareført i perioden 2018-2022, men med nokre endringar under mål 5 og mål 6.

Samrøystes vedtak 04.12.18 og styret si innstilling til representantskapet:

Overordna strategiplan 2018-2022 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

SAK 23/18 – MØTEPLAN 2019

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret vedtar følgjande møteplan for 2019:

onsdag 20.02, tysdag 09.04, tysdag 17.09 og onsdag 04.12 kl. 16.00.

*Representantskapsmøtet blir sett til **måndag 6. mai 2019** kl. 18.00*

Dagleg leiar kan, i samråd med utvalsleiar, endre møtedato dersom det vert naudsynt.

Styrehandsaming 04.12.18:

Styret vil vere oppteken med fylkesting eller kommunestyre 19. februar og fylkesting 29. april. Styret og dagleg leiar blei samd om ny dato vert sett til onsdag 20. februar og at representantskapsmøtet vert skjøve ut ei veke til 6. mai.

Samrøystes vedtak 04.12.18:

Styret vedtar følgjande møteplan for 2019:

onsdag 20.02, tysdag 09.04, tysdag 17.09 og tysdag 04.12 kl. 16.00.

*Representantskapsmøtet blir sett til **måndag 6. mai 2018** kl. 18.00..*

Dagleg leiar kan, i samråd med utvalsleiar, endre møtedato dersom det vert naudsynt.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte

Neste styremøte blir **onsdag 20. februar 2019.**

Årsrekneskap og utkast til årsmelding/styreberetning vil då vere klare for handsaming, slik at det i etterkant kan bli levert revisor.

Aksdal, 4. desember 2018

Astri Furumo (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar